

Ark.nr. 412.21

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

for ark nr. 400.025

J. 56/83

ENDRINGAR AV FØRESEGNER OM STENGING AV REKETRÅLFELT I
BARENTSHAVET OG PÅ FINNMARKSKYSTEN.

Med heimel i Fiskeridepartementet sine føresegner om rekefisket
i Barentshavet 7. april 1983 har Fiskeridirektøren 26. mai 1983
fastsett følgjande endringar i eigne føresegner av 7. april 1983:

§ 1 (endra)

I tida frå 26. mai kl 1200 og inntil vidare er det forbode å fiska
etter reke med trål innafor eit område i Varangerfjorden avgrensa
mellom linene dregne frå

1. Austre båke på Store Ekkerøy til posisjon
69°58,8' N 31°06,4' Ø
- og 2. Hornøya austetter langs 70°23,3' N til
midtlina ved 32°04,6' Ø

§ 2 (oppheva)

§ 4

Desse endringane tek til å gjelda straks.

Etter desse endringane har Fiskeridirektøren sine føresegner
7. april 1983 følgjande innhald:

§ 1

I tida frå 26. mai kl 1200 og inntil vidare er det forbode å fiska
etter reke med trål innafor eit område i Varangerfjorden avgrensa
mellom linene dregne frå

1. Austre båke på Store Ekkerøy til posisjon
69°58,8' N 31°06,4' Ø
- og 2. Hornøya austetter langs 70°23,3' N til
midtlina ved 32°04,6' Ø.

§ 2 (oppheva)

§ 3

Fiskeridirektøren kan endra forbodsområda dersom tilhøva tilseier
det.

§ 4

Desse endringane tek til å gjelda straks.
